

HYRDTINGEN



NR. 6

Desember 2016

ÅRGANG 58

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Eit barn er født i Betlehem.

*Teikna av Nora Alvseike,
1. klasse, Bjoa skule.*

Sideoversikt:

Biskopen har ordet	2	Avskjedsintervju	4	Barnekor i bygdene våre	10
Ny biskop	2	Avskjedsfest	5	Arrangement og kunngjeringar	12
Redaksjonspennen	3	Hurra for Brandøy	6	Førjuls-gudstenester	13
Min song	3	Gullkonfirmantar i Skjold	7	Gudstenestene	14
Den nye soknepresten	3	Basar på bedehuset	7	Frå kyrkjeboka	15
		Bibelmarton	8	Møter og kunngjeringar	15
		Barneteikningar	9	Barnas side	16

Vi ynskjer alle ein fin advent og ei fredfull julehøgtid.



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049
Adr. Skjold kyrkje
Postboks 6, 5574 Skjold
Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Vikarprest Olav Kristian Tangeland
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 926 86 729
Kontortid: Tysd:10-12, Torsd: 14.30-16
Fred: 10-12

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,
Pb. 6, 5574 Skjold.
Tlf. 53 65 57 94
Mobil: 932 45 645
jon.adnoy@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Mobil 413 25 280
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019
Prostiprest Eldbjørg Andreassen:
Mobil: 952 46 234

Kyrkjevevja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:
Kari Synnøve Velde Haugen
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Grete Skeie Sørhus

Biskopen har ordet

Erling J. Pettersen, Stavanger biskop.



Eit nådefullt fellesskap

Når eg nå skriv mi åttande advents- og julehelsing til kyrkjelydane i Stavanger bispedømme, blir det samtidig mi avskjedshelsing etter ein rik og spanande periode.

Eg kjem til å avslutte tenesta med same ønske som eg starta med i mi fyrste preik i Stavanger domkyrkje, der eg også feirar siste gudsteneste den 4. desember: «Gud skapar nådefulle fellesskap». Han vil at vi skal leve med ansikta vende mot kvarandre – opne, lyttande, med rom for undring og tvil, men også med ønske om å vere kyrkje for alle som treng ein stad å høyre til: ein stad å leve i nåde.

Eg har møtt frivillige og tilsette, som arbeider for at kyrkjelydane skal vera nådefulle fellesskap. Dei ønsker å ta på alvor det som visjonsdokumentet for Den norske kyrkje har som overskrift: «Meir himmel på jorda».

De første orda i visjonsdokumentet lyder: «Kyrkje vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus». Det er mitt program som biskop: å vitna i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus.

Eg satt i komiteen i Kyrkjemøtet som formulerte desse orda i 2014, men eg skulle gjerne hatt med meg i den komiteen konfirmanten frå

Hinna menighet som svarte dette på spørsmålet «kva er kyrkja for meg?»

«Kyrkja er ein plass kor du kan vere fri, tenke og reflektere over Gud, nyte livet, vera stolt over at du er ein del av kyrkjelyden og at du blir sett.»

Det er som om konfirmanten kjenner grunnfortellinga om Gud i Bibelen si første bok, der slavekvinna Hagar set dette namnet på Gud «Du er ein gud som ser meg.» For ho sa: «Har eg her verkeleg sett han som ser meg?» (1. Mosebok 16,13)

Desse orda frå Bibelen si fyrste bok er mi julehelsing og avskjedshelsing. Julebodskapen er dette enkle: Gud ser meg med eit blikk av kjærleik og nåde, det blikket vi møter kvar gong velsigninga lyder: «Herren velsigne deg og vare deg! Herren late sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig! Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred!».

Gud fekk andlet då Jesus kom til verda, slik at frelse, fridom og von skulle bli meir enn ord.

Kjære alle i Stavanger bispedømme: fortsett arbeidet med å fortelje i ord og handling - om nådens blikk.

Velsigna adventstid! Og takk for eit nådefullt fellesskap i den tida eg har fått dele med dykk.

Ny biskop

4. november gjorde Stavanger bispedømmeråd vedtak om fylgande prioritering av kandidatar til ny biskop i Stavanger bispedømme:

1. Helge S. Gaard
2. Torsten Lalim
3. Ivar Braut

Bispedømmerådet har nå gjort sin del av arbeidet i denne saken og ser frem mot at Kirkerådet tar si avgjerd. Kirkerådet har meldt at dei 9.



H.S Gaard, I.Braut og T.I.Lalim

desember ønskjer å offentleggjere kven som blir den neste biskopen i Stavanger.

Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

Ein norsk juletradisjon

Det er adventstid – ei førebuingstid til feiringa av Jesu fødsel. Frelsa- ren som er grunnlaget for vår kristne kyrkje og mange av våre tradisjonar, også i språk og tenkjemåte.

Gjennom lange tider har det vore tradisjon at skulane deltek på ei gudsteneste før jul. Vi er glade for at denne tradisjonen vert halden i hevd ved dei fleste skulane her hos oss. Kvifor feirar vi jul? Det er ikkje for handelsstanden med kjøpepress, eller for å eta oss runde og gode. I over 1000 år har kristendommen, trua på Jesus som vår frelsar og forsonar, prega folk og tradisjonar. Det er difor heilt naturleg at denne tradisjonen vert ført vidare til nye generasjonar og at borna får læra om kyrkja sin plass i dette biletet, gjennom å delta på julegudstenesta.

Men det er krefter i samfunnet vårt som ynskjer å endra tradisjonane. Skal vi ikkje lengre få lov til å fortelja dette til borna? Skal alt gjerast nøytralt? Det er ikkje dei som kjem frå andre land til oss, som ynskjer å endra dette. Kva er vi redde for?

Eg er glad for at kyrkja har fått midlar til å driva trusopplæring. Det er ei viktig oppgåve å læra borna om kvifor vi feirar jula og dei andre høgtidene. I dette biletet finn vi også søndagsskularbeid, tripp trapp, speidar, konfirmantarbeid, barne- og ungdomskor, juletreffar og mykje anna aktivitet i bedehus og kyrkje. Eit arbeid som i stor grad byggjer på frivillige medarbeidarar som brukar fritida si for det dei trur på.

Me ynskjer dykk alle ei god og vel-signa julehøgtid, og eit godt nytt år.

Teikning. Thelma V Reimers 7.kl. Bjoa.



Axel Carnerö

Eg heiter Axel Carnerö og er 35 år, er oppvaksen i Sverige og flytta til Noreg/Vestlandet i 2007. I dag bur eg i Ølensvåg i Vindafjord kommune. Her bur eg saman med kona mi, Yngvild, og våre tre jenter.

Ein kristen song eg likar og som har betydd masse for meg, er "Bred dina vida vingar", av Lina Sandell.

Songen eg valde pleidde mor mi å syngja for meg ved sengekanten når eg var liten. Eg synes songen er fin og inneheld veldig masse av det som kristenlivet er for meg. Trygghet hos ein Gud som alltid er der, uansett kor me er i livet.

Bred dina vida vingar

Av Lina Sandell

Bred dina vida vingar,
o Jesus, över mig
och låt mig stilla vila
i ve och väl hos dig.
Bliv du min ro, min starkhet,
min visdom och mitt råd
och låt mig alla dagar
få leva av din nåd.

Förlåt mig alla synder,
mig rena i ditt blod.
Giv mig ett heligt sinne,
en vilja ny och god.
Tag i din vård och hägnad
oss alla, stora, små,
och låt i frid oss åter
till nattens vila gå.

Den nye soknepresten

Av Steinar Skartland

5. november vedtok Stavanger bispedømmeråd å tilsetja Kari Vik Stuhaug som sokneprest i Vindafjord med særleg ansvar for Ølen og Bjoa sokn. Ho tek til i tenesta 1. mars 2017.

Kari Vik Stuhaug studerte teologi på Menighetsfakultetet og var i 1988 – 1996 misjonær saman med ektemannen i Ecuador (Sør Amerika). Her hadde ho ansvar for leiaropplæring, kurs, språk, kultur og teologisk opplæring gjennom teneste i Santalmisjonen innan den lokale indianarkyrkja.



Seinare var ho tilsett som prest eitt år i Etne og Skånevik, og tre år som sjukehusprest. Ho tok vidareutdanning innan familieterapi og har nå arbeida 10 år innan psykisk helsevern i Helse Fonna. - Eg søkte også på andre prestestillinger, fortel Kari, - men pga. buplikta så var det vanskeleg når ein også budde på gard i Sandeid. Nå er buplikta oppheva, men Kari har alt hus og heim i kommunen, så det er ikkje lenger ei utfordring.

- Eg har sakna å vera i kyrkjeleg teneste og ser fram til å ta til som prest i kyrkja nå, seier Kari avslutningsvis.

Johannes Nedrelid

Avskjedsintervju

Av: Trygve Sandvik, Øvre Vats

Den 30. oktober hadde sokneprest Johannes Nedrelid den siste gudstenesta si i Vindafjord i Ølen kyrkje. Når dette nummeret av Hyrdingen kjem ut, er Johannes i ny prestestilling i Undheim i Time kommune på Jæren. På bakgrunn av at han slutta i stillinga si som prest i Ølen, hadde Hyrdingen eit intervju med Johannes. Og me let han fortelja, først bakgrunnen for kvifor han sluttar av no, og kvifor han flyttar frå Ølen.

Prestetida i Ølen er slutt

”Eg har i fleire år no planlagt å slutta av som prest i Ølen når eg fyller 65 år. Men no er eg 63 år, og dette kom noko tidlegare enn det eg hadde tenkt for nokre månader sidan. Årsaka til dette er at kona som er frå Nærbø på Jæren, og eg, hadde alt i 2009 tenkt å slå oss ned i ei pensjonistleilighet på Nærbø. I utgangspunktet hadde eg tenkt å stå i prestestillinga i Ølen fram til 1.2.2018, men her i sommar fekk eg førespurnad om å ta på ei ny prestestilling i 60 % på Undheim i Time. Dette passa oss fint, og difor vart det litt tidlegare fråflytting frå Ølen enn opphavleg planlagt.”

Johannes har eit langt ”presteliv” bak seg. Når han no reiser frå Ølen, har han vore 21 ½ år i prestegjeringa i Ølen prestegjeld. Ja, han tykkjer tida er så pass lang at skulle han vera her lenger, er det fare for at han ville verta oppfatta som ”ein sjuande far i huset”, og difor finn han det rettest å flytta på seg både ut frå dette og for å koma til kona sine heimlege trakter.

Heimstad, utdanning og yrkespraksis

Før Johannes kom til Ølen var han kapellan i Ørsta på Sunnmøre i 5 år (90 – 95). Men då hadde han alt eit misjonær opphald i Kamerun bak seg frå 1982 – 1989 (med frådrag av opparbeidd Noregsopphald.) Han vart ordinært 6.1.1980, og etter

den tid var han feltprest i Vatneleiren. I alt vert dette 36 – 37 år som prest og misjonær.

Johannes er fødd i Hjørungavåg på Sunnmøre. Og han gjekk økonomisk linje på vidaregåande skule i Ålesund. Prestekallet kom etter kvart sjølv om linjevalet på vidaregåande ikkje nett var retta mot eit prestestudium. Men han forsikrar oss at han har hatt mykje nytte av den økonomiske opplæringa seinare i livet så vel både som prest og misjonær. Rekneskap og tal har han så visst fått bruk for.

På slutten av misjonærenesta var han noko i tvil om han skulle fortsetja som misjonær. Dei 4 ungane var no så store at det vart noko vanskeleg med skulegong og samling av familien i utlandet, og difor vart det av familiære grunnar at han valde å koma heim til Noreg. Men han var litt i tenkeboksen om han skulle fortsetja som prest, men det enda likevel med at han tok eit etterutdanningskurs for prestar før han søkte prestekallet på heimlege trakter.

Prestegjeringa

Som prest og misjonær har Johannes opplevd mykje glede i arbeidet, og han kom bort i mange situasjonar der han kom nær innpå folk, og han vart kjent med mykje folk. Særleg var det lett å verta kjend med folk i Ølen. Men han må tenkja attende på dei gongene han måtte bera fram dødsbodske i familiane, og det var ikkje så lett. I eit konfirmantkull som han hadde, har han 2 gonger måtta gå med sørgjebodske til foreldre og føresette og fortelja at deira kjære var gått bort.

Når Hyrdingen spør kva som betyde mest for han i prestetenesta, kjem det nokså klart: Konfirmantane. Det er ikkje til å leggja skjul på at konfirmantane har vore eit hjartebarn, og dei siste åra også arbeidet med trusopplæringa. Det å få gi dei unge ei innføring i den kristne trua, har vore stort for Johannes. Og det er hans oppfatning at konfirmantane har trivest, og han har hatt god



Johannes Nedrelid

kontakt med foreldra. Han rosar det gode samarbeidet med Lundeneset når det gjeld konfirmantopplegg.

Også dåpssamtalane minnest Johannes med glede. Her fekk han koma i kontakt med foreldra både kjende og ukjende personar, og dette var ein fin måte å knyta kontakt på.

”Det var ei travel tid å vera prest”, seier Johannes. I prestegjeldet var det 3 kyrkjer fram til dei siste åra før Vikebygd kyrkje vart lagt under Skjold prestegjeld. Dette medførte at det tidlegare var ein del oppgaver som Johannes skulle ønskja han kunne ha bruka meir tid på. Men det vart betre då prestegjeldet vart redusert til 2 kyrkjer.

Framtidsvyer og framtidssysler

Johannes er i utgangspunktet godt nøgd med den tradisjonelle gudstenesta. Utviklinga med å trekke folk meir inn i gjennomføringa av gudstenesta helsar han med glede. Særleg er det gildt at ein eller fleire i dåpsfølget kan vera med å lesa teksten for dåpen. Arbeidet med trusopplæringa trekkjer foreldra meir aktivt inn i kyrkjelyden, og han ser det som svært viktig med god kontakt til foreldra.

Innanfor den vanlege gudstenes-

teramma meiner han at det kan vera litt meir flesibilitet der det er rom for musikk, bønnevandring, bønnekrukke, ljostenning m. m. Johannes tenkjer også på våre nye landsmenn, og han rosar det arbeidet som Kyrkjjetunet har fått i stand kvar torsdag der dei nyttilflytta vert involverte. Kyrkja har mykje å fortelja dei om Gud som alltid ser oss og bryr seg om oss, og den kjærleiken som Gud møter oss med. Johannes siterar 1.Joh. 4,10

der det står: Kjærleiken er ikkje det at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt son sin til soning for syndene våre. Denne budskapen er det viktig å få fram så vel for våre nye landsmenn, som for oss sjølve, seier Johannes.

Intervjuet nærmar seg no slutten og Hyrdingen spør Johannes kva han skal gjera som pensjonist om eit par år. Svaret er nokså klart: Han vil ta seg meir av familien særleg bar-

neborna, og han vil lesa meir.

Johannes har 8 barnebarn "spreidd" omkring, og for å halda oppe kontakten med desse, treng han noko tid. Difor ser han fram til eit rolegare pensjonisttilvære der han meir kan styra arbeidsdagen sin.

Me vil til slutt få takka Johannes for det arbeidet han har lagt ned i presteembetet sitt, og me vil ønskja han lukke til i den nye jobben og seinare som pensjonist.

Avskjedsfest for Johannes og Haldis

Av Steinar Skartland

Søndag 30. oktober vart sokneprest Johannes Nedrelid sin avskjed med kyrkjelydane han har gjort teneste innanfor gjennom meir enn 21 år. Mange ville vera med då han saman med prost Rune Steensnæs Engedal hadde gudsteneste i Ølen kyrkje denne ettermiddagen.

Med songinnslag av barnekoret 'Kids of Joy' og musikkinnslag ved konfirmantar kunne han halda den

siste preika som tilsett her, men han kjem nok på besøk igjen, reknar vi med. Mange år i tenesta har sett sine spor. Han har rekord som den lengste tenestetida same presten har vore tilsett her i våre kyrkjer. Den siste tida var hovudtenesta i Ølen og Bjoa, men tidlegare var han også mange år sokneprest for Vikebygd. Nå går Johannes inn i ny teneste som sokneprest i Undheim kyrkje, i noko redusert stilling fram til pensjonsalderen.

Etter gudsteneste samlast 60-70 gjester frå kyrkjelydane oppe på Kyrkjjetunet i Ølen. Her mangla det

ikkje på taletrengte representantar frå ulike former for kyrkjeleg arbeid. Med alvorleg røyst og med innbakt skjemt, drog kollega Harald Eintveit fram mange hendingar frå tida dei saman har vore prestar i kommunen. Fleire avslutta helsingane sine med ei gåve til presten som nå skal reise. Olav Granberg hadde med eit stort garva skinn som alle kunne signera, slik vert det litt vanskelegare å gøyma alle dei som har blitt kjende med familien Nedrelid gjennom desse åra.

Ny sokneprest er alt tilsett, sjå side 3.



Sokneråda takka for langt og godt samarbeid



Leiar i Ølen sokneråd overrekte eit stort rosemåla fat og gode takkeord.



Harald Eintveit både med skjemt og gåver til Johannes.



Prost Rune S. Engedal deltok i gudsteneste og avskjedsfest for Haldis og Johannes Nedrelid.

Hukka for

Brandøy!



*Johannes Olsen synte korleis ei vassloppe skal brukast - og fekk seg ein dukkert like etter
(Foto Ingebjørg Espevik)*

Av: Andreas C. Våge

**Brandøy Misjons- og konferan-
sesenter på Bjoa har feira 50 år i
haust! Brandøy er ein av Indremi-
sjonssamskipnaden sine to leir-
stader. Her kjem born, unge og
vaksne i alle aldrar på ulike typar
leirar og forsamlingshelger gjen-
nom året. I jubileumshelga var alle
aldersgrupper velkomne, og her
var noko for ein kvar smak!**

Feiringa byrja med jubileumsmid-
dag, med song og helsingar til jubi-
lanten. Då alle var gode og mette og
ei Brandøy-oppleving rikare, heldt
kvelden fram med nydeleg konsert.
Søskena Linn Borgny og Benjamin
Andresen Røen opna konserten
med vakker song, akkompagnert av
dyktige musikarar frå G17-bandet i

Skjold. Tvillingane Hildegunn Gar-
nes Reigstad og Ingelin Reigstad
Norheim, også kjent som Garness,
gav oss vidare ei flott musikalsk
oppleving med innhald til oppbyg-
ging og ettertanke.

Søndag 21. august vart også
50-årsjubileet markert. På føremid-
dagen var det festmøte med tale av
Ingebrigt Sørfonn, songinnslag og
historisk tilbakeblikk – mellom anna.
Etter ein god pause med lapskaus,
pølser og kaker, runda Tore Tho-
massen av jubileumshelga med fa-
milieshow.

Ingebrigt S. Sørfonn samanfatta
i festtalen målet med Brandøy slik:
«At så mange som mogleg skal få
møta Jesus». Det ynskjer vi at skal
vera målet med Brandøy framover
også. Derfor finst Brandøy, og derfor
finst det leirar!

Gå gjerne inn på [www.indremi-
sjonssamskipnaden.no](http://www.indremi-
sjonssamskipnaden.no) og sjå om du
finn ein leir som kan passa deg el-
ler nokon du kjenner. I haust vert det
Minitweenshelg for 3.-5. klasse 4.-6.
november, Hausttreff for 10. klasse
og oppover den 18.-20. november,
Tenhelg for 8.-10. klasse den 25.-27.
november, Miniadventshelg for 2.-4.
klasse 3.-4. desember, og Advents-
helg for 5.-7. klasse 9.-11. desem-
ber. Og eit anna høgdepunkt som
er flott både for Brandøy og for dei
som kjem, er dugnadshelga 11.-13.
november. Her gjer store og små ein
praktisk innsats for Brandøy, har det
kjekt saman og et god mat. Påmel-
dingsskjema til leirane og dugnads-
helga finn du også på [www.indremi-
sjonssamskipnaden.no](http://www.indremi-
sjonssamskipnaden.no).

Velkommen til Brandøy!



*Gymsalen på Brandøy var rigga om til konsert- og
møtelokale i jubileumshelga (Foto: Annbjørg N. Våge)*



*Sola skein og det var godt å vera ute på Brandøydagen
(Foto: Annbjørg N. Våge)*



Gullkonfirmantar Skjold

1.rekkje frå venstre: Liv Berit Junger (f.Kambe), Ingunn Flæte, Målfrid Kversøy (f.Susort), Else Stokke (f.Frøyland), Haldis Osmundsen (f.Skogen), prest Eldbjørg Andreassen. **2.rekkje:** Knut Mortveit, Svein Rørtveit, Sigrun Røstad (f.Langelandsvik), Harald Eikanger, Kjell Gunnar Haakull, Martha Langeland (f.Skogen), Karluf Håkull, Erik Gunnar Kringeland, Sigmund Sundfør. **3.rekkje:** Severin Fjeldheim, Tor Magne Haraldseid, Kjell Vik, Kjell Inge Haraldseid, Ove Nådland, Oddvar Fosen, Alf Godtfred Frøyland, Sverre Vik. **Ikkje tilstades:** Emma Stølsvik (f.Dybdahl), Ellef Lilland, Helga Dybdahl, Håkon Skjold, Jorunn Haraldseid, Jan Ivar Wannberg, Kjell Sigve Helgeland, Kjell Sigurd Dagsland, Kari Helene Tørresdal (f.Frøyland), Magnar Mortveit, Lars Svee, Reidar Hatlestad, Reidun Tverrå (f.Dagsland), Terje Jamne, Turid Bjorland (f.Frøyland). **Desse er døde:** Kjersti Adelstein Andreassen, Kåre Magnus Aksdal og Sigvald Arnfinn Gullhaug.

Basar på bedehuset

Av Ranveig L. Mattingsdal

Sandeid bedehus hadde basar onsdag 09.11. Bedehuset var fullt og det var ca. 85 stk som kom på basaren. Me var så heldige å få 4 songglade jenter til å syngje for oss. "Gamlepresten" Bjarne Hjelvik heldt andakt. 2 x åresal og trekking på bok. Kaffi og mat vart servert. Auksjon v/Erik Grønnestad med god hjelp av Henny er alltid eit livlege innslag, og varene går unna. Det er smultringar, lutefisk, mjølk, egg, juletrær, ved, fenalår, saueskinn og heimelaga bord. Mange fine gåver og gevinstar til både auksjon, åresal og bok. Alt gitt av lokale bedrif-

ter i Vindafjord og enkelt personar i bygda. Hovudgevinst er dokke med heimestrikka kler som me har fått i mange år nå til basaren.

Me har mange å takke som har vore med og seld lodd, gitt gevinstar/laga gevinstar. Stått for mat og kaffi på kjøkkenet, bakt kaker og ikkje minst alle som har kjøpt lodd og som kom på basaren. Takk og til dei gode basardamene våre som står på kvart einaste år for å få basaren i hamn. Det vart ein koseleg kveld med berre positive og glade bygdefolk og frå bygdene rundt, ja til og med frå Haugesund og Karmøy. Det kom inn nesten kr 46.000,- totalt.

Sandeid bedehus har i år lyst å lage til juletreffest torsdag 29. desember (romjul). Elles har me bøn- nemøte fast kvar måndag kl. 19:00, kveldsmøte ein måndag i månaden og songmøte ein torsdag i månaden. Følg med på plakat på Sandeid Handelslag. Velkommen til å vere med på dette.

Styret i Sandeid bedehus består av Jonas Bergem, formann; Margunn D. Stople, nestformann; Eirik Stople, kasserer/rekneskap; Ragnvald Stople, vedlikehald og Ranveig L. Mattingsdal, sekretær. Ta kontakt med ein av oss om det skulle vere noko du lurar på eller har lyst å bidra med.



Songjentene: Frå venstre Emilie, Johanna, Maren og Anna.



Auksjon: Erik Grønnestad med god hjelp av Henny Bjelland.

Ordførar og Fylkesmann opna Ei reise frå skapelsen til evigheten

Av Steinar Skartland

På 90 timar – frå onsdag til søndag, vart Bibelen lesen frå perm til perm i Skjold kyrkje i november. Om lag 150 deltok i lesinga som vart opna ved at fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa las det første kapittelet i 1. Mosebok. Ordførar Ole Johan Vierdal følgde på med neste kapittel og deretter veksla det med representantar frå sokneråd og kyrkjelydar i Vats, Skjold og Vikebygd, men også representantar frå nabosokn.

- Det var eit mål å få mange med på dugnaden, men ikkje alle likar å lesa høgt, fortel sokneprest Jon Ådnøy. Utover i veka var det vanleg at 2-3 bytte på med eitt kapittel kvar, og saman heldt dei på i ein time. Nokre las fleire slike rundar. Konfirmanntane var med og tok sin tårn, men elles var det folk i alle aldrar, også dei som nytta andre språk enn norsk.

Første kvelden var det mange tilhøyrarar, men korleis var det elles i veka, spør vi Jon Ådnøy som var med heile tida:

- Ofte var det nokre og høyrde, sjeldan mange. Fleire hundre var med alt i alt, mellom anna 128 skuleelevar, 50-60 speidarar (torsdag kveld),

60-70 på bibelquiz laurdag kveld og ei veldig godt besøkt G 17-gudstene søndag ettermiddag. Mange strekte seg langt for å få det til! Seier Ådnøy og vi lurar på om dette vil bli ei fast hending i kyrkjene våre nå

- Det blir sikkert ei god stund til nokon føreslår å lesa heile Bibelen igjen, svarar Jon. Men presten tenker at konfirmanntane neste år for eksempel kan lesa 1. Mosebok og eit evangelium i samanheng. For å erfara at Bibelen ikkje berre er mange gode formuleringar, men også historier som kan gjera inntrykk. Fleire har kommentert at det var kjekt å vera ein del av eit fellesskap som omfatta folk frå alle generasjonar, fleire bygder, ulike språk og kyrkjesamfunn. Bibelmaraton blei ein lang stafett, der mange var med på laget.

Og tidsplanen heldt dei. Søndag kveld kunne dugnadsgjengen frå sokneråda rydda saman og gjera kyrkja klar for nye arrangement, før dei tok kveld. Slitne – men vel nøgde med ei flott 200 års markering for Det norske Bibelselskap. I sideromma i kyrkja var det utstillingar av biblar, bibelplansjar og undervisningsmaterieill frå mange generasjonar. Her var det kjekt å gå ein runde eller to og mimra litt. For dei unge var det nok spennande å sjå. Før lesinga


fekk fylkesmann og ordførar studera ulike gamle bibelske motiv og m.a. det kjende hjelpemiddelet frå Søndagsskolen: Flanellografen.

Takkar for bibelinnsats

Sokneråda i Vats, Skjold og Vikebygd takkar varmt alle som var med på å gjennomføra Bibelmaraton i Skjold kyrkje frå 8. til 13. november. Frå førsteklasingar som teikna til oldingar som las – det var så mange som strekte seg langt for å realisera dette. Me kjenner oss takknemlege over å vera ein del av eit svært og fargerikt fellesskap, seier sokneråd-sleiarane Grete Skeie Sørhus og Kari Synnøve Velde Haugen.



Bibelquiz og pizzakveld.



Trygve Sandvik var ein av dei eldste som las.



Fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa.



Keitiretse Kalstveit las på mormålet Zetswana.

Borna sine teikningar frå Bibelen

Til Bibelmaraton-veka vart skuleborna i Skjold, Vats og Vikebygd inviterte til å teikna tre kjende fortel-

jingar i Bibelen. Dette var om «Den 5. skapelsesdagen», «Noah byggjer arka» og «Den miskunnsame sama-

ritanen. Det kom inn mange flotte teikningar, og vi viser her nokre få av dei.



«Noah». Teikna av Johan, 4. kl. Vats



«Arken». Teikna av Magnus, 4. kl. Vats skule.



«Arken». Teikna av Rebekka, 4. kl. Vats skule.



"Samaritanen", Teikna av Tobias, 3. kl. Skjold skule.



«Samaritanen». Teikna av Mona, 6. kl. Vik skule.



"Skapelsen", Teikna av Askev, 6. kl. Vik skule.



Vats Miniklang

«Englene synger høyt i kor» Barnekor i bygdene våre

Av Hanne Haraldseide Brekke

Vi har mange born som er aktive i barnekor rundt om i bygdene våre. Det er barnekor i Skjold, Vats og Ølen. Barnekora er viktige, både for borna og for bygdene. Borna får ta del i eit sosialt fellesskap der dei får trening i å stå framfor folk, dei blir kjende med kristne songar, kyrkjer og bedehus, i tillegg til at dei formidlar Guds ord til oss gjennom song. Dei gleder både foreldre og sambygdingar med glade, rørande, sjarmerande og flotte songar. Og bak dette flotte barnearbeidet, står det fleire flotte og aktive dirigentar.

Skjold – Skjold barnekor og JOY

I Skjold er det Guro Stople Sørhus og Gunnbjørg Nesbu som er dirigentar i Skjold barnekor, noko dei har vore i høvesvis 7 og 3 år. På korøvingane i Skjold kjem det omtrent 30-40 ungar, noko dirigentane er svært nøgde med. Guro meiner at det beste med å være dirigent i barnekoret er alle dei flotte ungene.

Gunnbjørg set pris på gleda borna har av å lære nye songar, opptre og syngje om ein flott bodskap.

Dei siste seks åra har barnekoret i Skjold sunge på julekonserten i Skjold kyrkje saman med Feedback og andre lokale krefter. Det har vore flotte opplevingar som har gitt mange julestemning. Dette året er fyrste året Skjold barnekor ikkje er med på den årlege julekonserten. I år skal dei medverke i oppsettinga av teaterstykket «Mysteriet med den forsvunne nissedrakta» som IL Skjoldafjord set opp.

Ingebjørg Susort Velde har vore dirigent i Skjold barnekor sidan 2009. Etter kvart såg dei behovet for å også ha eit kor/gruppetilbod til dei litt eldre borna. Dei starta då Joy hausten 2014, som er eit kor for born i 5. til 7. klasse, som Ingebjørg dirigerer. Her er det omtrent 15 born på øvingane, noko dei er svært nøgde med.

Ingebjørg meiner at det beste med å være dirigent, er å sjå songgleda og iveren til borna. Det er mykje energi på øvingane, og ikkje eit

kjedeleg minutt. Det å sjå at borna kjem tilbake, gong etter gong, gler dirigentane. Samstundes som det er flott å få opptre og vist fram det dei har lært. JOY skal opptre på julekonserten i Skjold kyrkje 18. desember i år, og øvingane er godt i gang. I tillegg skal dei syngje på fleire julemesser.

Dirigentane vel songar som dei likar sjølv, og som dei trur vil slå an hjå ungene. Det kan være songar dei sjølv song i barnekor, songar frå kjende kristne artistar eller kor som dei høyrer på Spotify og iTunes, og kjente kjære barnesongar. Akkurat no nyttar dei singback på øvingane, med dei har vore heldige å ha pianist i mange år.

Guro meiner at ein julekonsert før jul er eit «must», og er med på å hente fram julestemninga. Aller helst likar ho julekonsertar som får fram julebodskapen, og kvifor vi eigentleg feirar jul. Heilt sidan ho var liten har ho sunge i kor og gått på julekonsert. No er det ein fast post på programmet å gå på julekonserten i Skjold kyrkje. Dette året skal ho

være med å synge i Feedback sitt prosjektkor, noko som alltid er kjekt!

Gunnbjørg har sjølv hatt mange flotte opplevingar med å høyre på song og musikk frå både lokale aktørar og profesjonelle artistar, og meiner at ein julekonsert er ein god pause i ei ofte travel tid.

Ingebjørg har heilt sidan ungdomstida si deltatt på, eller lytta til julekonsertar. Ho har sunge i Feedback i mange år, og har delteke på ei rekkje konsertar i deira regi. Det blir liksom ikkje heilt jul for henne utan julekonserten i Skjold kyrkje. I år er ho med i komiteen for julekonserten i Skjold kyrkje som skal vera 18. desember. Når det gjeld julekonsertar, synes ho det er vanskeleg å velje, då eksempelvis Voice og Joy, Helene Bøksle og Carola har konsert på Haugalandet. Ho vil også ha med seg Kerysso som skal ha konsert i Skjold kyrkje 2. desember.

Vats - Miniklang

Elisabeth Stople Gregersen og Lill Inger Velde har hatt ansvaret for «Miniklang» i høvesvis 4 og 3 år. Lill Inger meiner at noko av det beste med å være dirigent for dei 10-15 ungene i koret, er å få være med å bidra til at ungene blir glade i song og musikk, i tillegg til at dei får syngje fine songar om Jesus, og på den måten kanskje lære litt om han. Elisabeth likar å sjå songgleda og meistringsfølelsen un-



30-40 born er med i Skjold barnekor

gane får på øving, og ikkje minst på opptreden.

Songane til koret vel dei ved å høyre på andre barnekor og artistar, og plukke ut det dei likar. Miniklang pleier å være med på julekonserten i Skjold kyrkje, i tillegg til å syngje på julegudstenesta.

Dirigentane sjølve går på julekonsertar kvart år. Anten så syng dei i kor, eller så høyrer dei på. Elisabeth synes det er givande å syngje, og Lill Inger vil helst både syngje og høyre på. Førjulstida blir ikkje den same for dei, utan julekonsertar.

Ølen – Kids og JOY

Gunhild Marie Osaland har dirigert Kids of JOY sidan 2009, med ein pause frå 2013 til hausten 2015. På øvingane kjem det omlag 15-20

ungar frå Ølen, Ølensvåg og Bjoa, i alderen seks til tolv år.

Gunhild Marie meiner at det beste med å være dirigent i barnekor er at ho får dele Jesusgleda sin med borna. Ho elsker song, dans og born. Koret er ein kombinasjon av alt dette, og er hennar kinderegge:)

Songane finn ho ved å høyre på kristne CD'ar for born, og følgje med på det som blir utgitt av aktuell musikk. Etter kvart har ho også eit ganske stort lager av songar i hovudet. Songane kan bli valt ut frå tema, eller kor dei skal opptre.

Det er ikkje alltid Kids og JOY er med på julekonsert, men i år skal dei syngje på julekonsert på Kulturhuset i Ølen. Dirigenten sjølv tek seg gjerne ein tur på julekonsert for å få den gode julestemninga.



Kids of JOY song for Johannes som skulle reisa.

Øvre Vats bedehus

Nyttårsfest laurdag 14. januar 2017, kl. 18:00. Det blir variert program som passar for store og små. Andakt av vår nye kyrkjelydsarbeidar Lillian Sønstabø Johanssen. God mat, og god stemning. Ta med familien og kom.

Me syng jula inn – på fleire språk

Vats kyrkje, Onsdag 14. des. kl. 18:00. Kom og ver med på å syngja julesongar på norsk, engelsk, tysk og endå fleire språk. Særleg velkomne er alle med eit anna morsmål enn norsk. Ta med naboen og kom! Velkommen. Arr. Vats sokneråd

FamilieKRIK Skjold - Weekend

FamilieKRIK Skjold ynskjer alle familiar i kommunen velkomne til å vera med på weekend på Gullingen 17.-19 februar. Her blir det fellesskap, samlingar med song og andakt, ski, snømannbygging, familietid, sol og kvikk lunsj. Du treng korkje vera Petter Northug eller Kari Traa for å vera med. Om du ikkje ein gong har ski, er det fullt mogleg å kosa seg med godt lag! Meld deg sjølv og resten av familien på til: margunn_lygre@hotmail.com/ 93 08 34 46. Påmeldingsfrist 18. januar.

Koret Scala frå Torvastad har julekonsert i Vikebygd kyrkje fredag 9. desember kl 20:00



Vaksenkoret Scala frå Torvastad med 35 songarar og 10 musikarar gjestar Vikebygd og har ein konsert kor kjente og kjære julesongar vert presenterte. Koret hadde konsert i fjor i Skjold Kyrkje, men drar eit stykke vidare i år. Koret har fleire gode kjenningar i dette området og vi gler oss svært til å komme til Vikebygd. Koret har med seg 3 solistar:

Ole M. Velde, Karmøy og Isabel Espelid, Haugesund har vore med koret i ei årrekke. Nytt i år er at sopranen Solveig Lagos Jaziri, Nesna i Nordland blir med. Både Ole M og Solveig har gått "operaskolen", mens Isabel har utdanning frå musikkonservatoriet.

Vi lovar eit breitt og spennande songprogram, med både soloparti, duettar og trioar av desse tre. Koret sine eigne solistar bidreg også. Vi vil framføre m.a. 'Den hellige stad', 'Panis Angelicus', 'The Lords Prayer', 'Den fattige Gud', 'Jesu joy of mans desiring', 'Nordnorsk julesalme', 'Hymne' og 'Jeg er så glad hver julekveld'. Den sistnemnde i eit heilt nytt arrangement. På Scala sine konsertar blir også publikum invitert til å syngje med og det blir inkje unnatak i Vikebygd kl 20:00 den 9. des. Det ville glede oss om du kjem. Entre kr 200. Student: kr 100. Born kr 50. Familie kr 500.

Julekonsert i Skjold kyrkje 18.des Kl 17

Feedback prosjektkor, Vats Miniklang, JOY, Randi Gjellestad m.fl Arr.: G17. Billett v. inngongen.

Kunngjering: Konfirmantjubiläum Ølen

Marie Solheim, fødd Opheim var femtiårsjubilant i Ølen, ho vart diverre ikkje invitert. Namnet hennar har ved ein feil falle ut av listene over dei som vart inviterte. Soknerådet i Ølen og Bjoa beklager det som skjedde.

Julekonsert i Vikebygd kyrkje 17. desember klokka 16:00

Det blir julekonsert i kyrkja i år også, og me byr på ein variert meny. Vikebygd Skule- og Ungdomskorps opnar og elles er det både nokre «gamle» og nokre «nye» artistar. Me skal tenna tre lys i adventskransen, høyra songar frå ulike land og ulike tider, men alle handlar på ulike måtar om jul og den gåva me alle har fått. Til avslutning syng me «Deilig er Jorden».

Desse blir med: Arne Tveit, born, Dan Bergman, Helge Veastad, Ida Karolina Koltveit, Jone Bjerga, Korpset, Lene Bjerga, Lina Fisk Eide, Robert Gausvik, Vegard Skartland.

Lina og Lene har "laga" eit barnekor som deltek. Borna er også viktige aktørar, både i korpset, med tenning av adventskransen.

Konserten kostar ikkje noko, men me får gje ei gåve til Kirkens Bymisjon ved utgangan.

Nye idear til innhald i kyrkjebladet

Redaksjonen oppfordrar med dette alle som har gode innspel og idear til innhald i kyrkjebladet om å senda desse til redaksjonen på e-post: redaksjonen@hyrdingen.no



Born og familiar - bli med på: Jul på landet i Skjold 10.desember kl. 12-15

Søndagsskulekretsen inviterer, i samarbeid med familieane Stople og Haugen, til JUL PÅ LANDET i Skjold. Dette blir ein laurdag med mange dyr og fuglar å sjå på, små og store traktorar å prøvesitja, leik i høyet, juleverkstad, sal av graut og saft, pølsespidding og bålkaffi, nysteikte lappar - og søndagsskulesamling i reiskapshuset kl. 12:30-13:00. Pris 75,- pr. stk i inngangspengar. Vi håpar mange små og store tar på uteklede og finn vegen til Nedre Austreimsvegen 80 og 67 denne laurdagen. Helsing: Karmsund-Sunnhordland krets SØNDAGSSKOLEN NORGE

KYRKJETENAR – LEDIG STILLING

Det er ledig stilling som kyrkjetenar ved Vats kyrkje, inntil 37 % - frå snarast. Søknadsfrist 16.12. Nærare opplysningar om kan ein få hos Kyrkjevevja i Vindafjord tlf. 53 65 57 93 / 977 64 1246.

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO



Vi er en del av



Vi er en del av



GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1 SR-BANK

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:
93 21 66 79 / 52 75 88 60



Førjuls-gudstenester

Skulegudstenester: Nokre stader rundt om i landet har det også i år vore drøfta om det skal haldast skulegudstenester før jul. I Vindafjord blir det slike gudstenester i alle fall i Imsland, Vikedal, Ølen, Skjold og Vikebygd i dagane før jul. Andre stader legg skulane opp til markering av høgtida i

eigne lokaler. I Vats har dei skulegudsteneste ei anna tid på året.

Internasjonal julesongkveld: Dei siste åra har folk frå ulike nasjonar komme saman i Vats kyrkje og sunge julesongar ein kveld i adventstida. I fjor blei det, i tillegg til norsk, t.d. sunge og lese tekstar både på tysk, rus-

sisk, rumensk og polsk. Tradisjonen vil halda fram også i år med songkveld 14. desember.

Lysmesser: I kyrkjene våre vert det arrangert lysmesser i adventstida. Her blir konfirmantar, speidarar og andre lokale grupper engasjerte.

God Jul!



Jonathan Tønnesen Vestbø. 4. kl. Bjoa skule.



Amelia Ciehanosska. 4. kl. Bjoa skule.



Emi Bøtker Krøger. 3 kl. Bjoa skule.

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kl.	Kyrkje	Info
11. des. 3. s. i advent	17:00	Vikedal	Lysmesse. Konfirmantane tek del. Takkoffer til konfirmantarbeidet.
Matteus 11, 2-11	17:00 19:00	Skjold Vats	Lysmesse. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet Lysmesse.
18. des. 4. s. i advent	11:00	Sandeid	Høgmesse. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Maritastiftelsen.
Lukas 1, 46-55	19:00	Ølen	Lysmesse.
24. des. Julaftan	14:30	Sandeid	Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Lukas 2, 1-20	14:30 14:30 14:30 14:30 16:00 16:00 16:00 16:00 16:00	Bjoa Ølen Skjold Vats Ølen Vikebygd Vikedal Imsland	Familiegudsteneste. Familiegudsteneste. Familiegudsteneste. Familiegudsteneste. Takkoffer til misjonsprosjektet. Familiegudsteneste. Takkoffer til misjonsprosjektet. Familiegudsteneste. Familiegudsteneste. Takkoffer til Stefanusborna Familiegudsteneste. Takkoffer til Frelsesarméen. Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
25. des. Juledag	11:00	Sandeid	Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Frelsesarméen.
Johannes 1, 1-14	12:00 12:00	Ølen Vats	Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
26. des. 2. juledag	11:00	Skjold	Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Normisjon.
Matteus 2, 16-23			
31. des. Nyårsaftan	17:00	Imsland	Gudsteneste.
Lukas 13, 6-9	23:00	Vats	Midnattsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Feedback.
1.jan. Nyårsdag	11:00	Sandeid	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Lukas 2, 21			
8. jan. Kr. openberringsdag	11:00	Vikedal	Familiegudsteneste. Utdeling av konfirmantbiblar til 5. klasse. Takkoffer til konfirmantarbeidet.
Matteus 2, 1-12	11:00 17:00	Vats Bjoa	Familiegudsteneste. Utdeling av biblar til 5.-klassingane. Takkoffer: Bibelselskapet. Gudsteneste med nattverd.
15. jan. 2. s. i openb.tida	11:00	Ølen	Gudsteneste med nattverd.
Matteus 3, 13-17	11:00 17:00	Imsland Vikebygd	Familiegudsteneste. Utdeling av konfirmantbiblar til 5. klasse. Takkoffer til konfirmantarbeidet. Familiegudsteneste. Utdeling av biblar til 5.klassingane. Takkoffer
22. jan. 3. s. i openb.tida	11:00	Sandeid	Familiegudsteneste. Utdeling av konfirmantbiblar til 5. klasse. Takkoffer til konfirmantarbeidet.
Johannes 2, 1-11	11:00	Skjold	Familiegudsteneste. Utdeling av biblar til 5.klassinane. Takkoffer
29. jan. 4. s. i openb.tida	10:00	Brandøy	Gudsteneste på leir med 5.klassingar frå Vindafjord.
Lukas 18, 35-43	11:00 17:00 19:00	Vikedal Vats Ølen	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til lokal trusopplæring. Gudsteneste med nattverd. Takkoffer til Normisjon. Gudsteneste med nattverd.
5. feb. 5. s. i openb.tida	11:00	Ølen	Gudsteneste med nattverd.
Markus 2, 1-12	11:00 17:00	Imsland Skjold	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. G 17-gudsteneste. Nattverd. Takkoffer.
12. feb. Såmannssøndag	11:00	Vats	Gudsteneste med nattverd. Takkoffer til Norea mediemisjon.
Lukas 8, 4-15	11:00 17:00	Sandeid Vikebygd	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Det norske Bibelselskapet. Gudsteneste med nattverd.

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)



**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med
når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no

 **KIRKENS SOS**
815 33 300

SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 2. februar.
Frist for levering av stoff er
7. januar.

Vågen bedehus

11.12.	søndag	11:00	Søndagsskule
11.12.	søndag	13:00	Søndags-aktiviteten
13.12.	tirsdag	18:00	Yngres
14.12.	onsdag	19:30	Bønnemøte
14.12.	onsdag	20:00	Laget. Heime hos Liv Ingunn
17.12.	lørdag	20:00	Loftet
18.12.	søndag	11:00	Søndagsmøte. Talar: Rolf Hauge
21.12.	onsdag	19:30	Bønnemøte
24.12.	lørdag	14:00	Høgtidsmøte. Talar: Karl Einar Tvedt
28.12.	onsdag	17:00	Juletreff
3.1.	tirsdag	17:30	Jentelaget og gutelaget
15.1.	søndag	11:00	Søndagsmøte, NLM
17.1.	tirsdag	17:30	Jentelaget og gutelaget
22.1.	søndag	11:00	Søndagsskule
22.1.	søndag	13:00	Søndags-aktiviteten
29.1.	søndag	11:00	Søndagsmøte,
31.1.	tirsdag	17:30	Jentelaget og gutelaget

Bedehusa i Vats

15.1.	onsdag	19:30	Kårhus: NMS
14.1.	laurdag	18:00	Øvre Vats: Nyttårsfest
18.1.	onsdag	19:30	Øvre Vats: Kristen Muslim-misjon
25.1.	onsdag	19:30	Blikrabygda: Normisjon
1.2.	onsdag	19:30	Kårhus: NLM
8.2.	onsdag	19:30	Øvre Vats: NLM
15.2.	onsdag	19:30	Blikrabygda: NMS

Vats bedehus-/soknehus-foreining

24.1.	tysdag	19:30	Årsmøte på Kårhus bedehus
26.1	torsdag	20.00	Påfyll på Øvre Vats Bedehus
		19.30	Bønemøte

“Me syng jula inn” i Sandeid kyrkje

15.12.	torsdag	18:00	Utdeling av Tripp-Trapp til 3-åringane
--------	---------	-------	--

“Me syng jula inn” i Vats kyrkje

14.12.	onsdag	18:00	Me syng jula inn på fleire språk
--------	--------	-------	----------------------------------

Innbjoa bedehus

11.12.	søndag	17:00	Søndagsmøte
--------	--------	-------	-------------

Vats pensjonistforening, møte i kjellarstova på Vindafjordhallen

31.1.	17:00-19:30	Kåsør Per Morten Aarak. Årsmøte
28.2.	17:00-19:30	Kåsør Olav Kjetilstad
28.3.	17:00-19:30	Kåsør Nora Apeland, Ambulanse tenesta i Vindafjord

Trekspillmusikk , mat og kaffi. Møtene er opne for alle.

Sandeid bedehus

12.12.	måndag	19:00	Bønnemøte
19.12.	måndag	19:00	Bønnemøte
29.12.	torsdag	17:30	Julatrefest

FamilieKRIK Skjold

søndag 15.1. 16:00-18:00 i Skjold Arena.

Ta med innegymsko og drikkeflaske.

17.-19.2. Weekend for familiar på Gullingen

Bedehusa i Skjold

27.12.	tysdag	18:00	Austrheim - Juletreff
27.12.	tysdag	18:00	Ersland - Juletreff

Kyrkjetunet i Ølen

9.12.	fredag	19:30	Bønne- og lovsangskveld.
14.12.	onsdag	19:30	Bønnesamling
15.12.	torsdag	17:30	Samling for innvandrara
5.1.	torsdag	19:30	Songmøte
8.1.	søndag	18:00	Nyårsfest
9.1.	måndag	17:00	Krøllekveld
12.1.	torsdag	17:30	Samling for innvandrara
13.1.	fredag	19:30	Bønne- og lovsangsmøte
19.1.	torsdag	17:30	Samling for innvandrara
19.1.	torsdag	19:30	Israelsmisjonen. Bibeltime.
22.1.	søndag	19:30	Søndagsmøte. Normisjon. Roar Flackè
26.1.	torsdag	17:30	Samling for innvandrara
27.-	fre-søn	19:30	Bibel- og misjonshelg. NMS
29.1.			
2.2.	torsdag	11:00	Torsdagstreff
2.2.	torsdag	17:30	Samling for innvandrara

Sjå også: www.kyrkjetunet.no

FRÅ KYRKJEBOKA

IMSLAND

Døpte:

13.11 Bjørn Garborg Nybru

VIKEDAL

Ingen hendelser.

SANDEID

Døde:

13.10 Georg Johannes Stensland f.1931

27.10 Martin Auestad f. 1929

Vigde:

12.11 Ragna Åreskjold og Tarjei Sørli

Døpte:

16.10 Markus Helgevold

16.10 Odin Matre

SKJOLD

Døpte:

06.11 Rasmus Oskar Strandnes

VATS

Døde:

06.11 Eli Hilda Skare f. 1945

Døpte:

23.10 Preben Vårvik Torgersen

20.11 Nils Eidhammer Vårvik

BJOA

Døde:

07.10 Karl Haga f.1924

12.10 Nils Lysen f. 1928

VIKEBYGD

Døpte:

16.10 Thale Blikra Kalstveit

ØLEN

Døpte:

23.10 Synne Gundersen

13.11 Anine Stakkestad

13.11 Lars Heggen Vestbø

27.11 Leo Grønnestad-Lunde




Finn vegen til Jesusbarnet i krybba!

Labyrint



Prikk til prikk



Finn 5 feil

Teikningar: Karoline Andersen

Det var ikkje ledig rom i Betlehem til Josef og Maria.

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Skapelsen, Teikna av Rasmus, 2. klasse Vats skule.

Skapelsen, teikna av Mathias, 3. klasse Vats skule.